



Byggmester Nils J Solend AS
Stølen 12
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/180 - 19/3269

Saksbehandlar:

Tone Margrethe Berland Furustøl

tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:

30.01.2019

Ber om fleire opplysningar vedkomande førespurnad om førehandskonferanse - gbnr 137/812 Alver

Tiltak: naust

Byggjestad: Gbnr: 137/812

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar: Byggmester Nils J Solend AS

Førespurnaden om førehandskonferanse inneheld ikkje nok dokumentasjon til at kommunen kan imøtekome førespurnaden.

Følgjande dokumentasjon er naudsynt:

- kva du skal byggje: kart, teikningar og skisser
- kor stort du skal byggje: høgd, breidd, areal
- kva du skal bruke byggverket til
- om byggverket treng dispensasjon frå gjeldande regelverk og planar – i så fall kva forhold som treng dispensasjon
- informasjon om korleis du tenkjer å løyse veg, vatn, kloakk
- spørsmåla du ønskjer svar på i møtet

Meir informasjon og naudsynt skjema til bruk for førehandskonferanse finn du her:

<https://www.lindas.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/>

Planstatus

Eigedom er uregulert innafor det som i kommunedelplan (KDO) Knarvik-Alverstraumen er definert som anna byggjeområde, naust. Kommuneplankart samt føresegner, pkt. 2.6 for naust, er lagt ved.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt


www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733


DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Grensa for reguleringsplan Ikenberget. Del av gnr 137.
Markert med blå stipla linje.



KDP, juridisk linje.
Markert med grå stipla linje



Det er krav til dispensasjon frå plankravet samt dispensasjon frå byggjeforbodet i 100-meters beltet mot sjø for oppføring av naust på gbnr 137/812.

Heimelshavar av eigedomen – gbnr 137/812 - er Bjørn Johnny Vågenes. Det vart gitt løyve til oppretting av ny naustparsell frå gbnr 137/21 i korrigert vedtak av 07.02.2018, sjå vedlegg. Parsellen som var søkt frådelt var eit restareal på gbnr 137/21 etter at det i 2007 vart gjeve løyve til frådeling av naustparsell for gbnr 137/707. Gbnr 137/812 er 59,7m² og gbnr 137/707 er 54,1m² ifølgje matrikkelen. Naboiegdom gbnr 137/179 er gjeve løyve til oppføring av naust i vedtak av 29.10.1986 i sak 1985/3528. Dette til orientering.

Kommunen ber om ein tilbakemelding om de opprettheld anmodning om førehandskonferanse **innan 14.02.2019.**

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjent_komdelplan_Knarvik_Alversund_A0_13032008

Føresegner og planskildding

Korrigert løyve til frådeling av naustetomt - gbnr 13721 Alver (L)(324436)

Kopi til:

Byggmester Nils J Solend AS

Stølen 12

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Byggmester Nils J Solend AS

Stølen 12

5911

ALVERSUND